

**BAND OF HORSES TIL NOREG ATT**

Ein Band of Horses-konsert er som regel ei skilsetjande oppleving, skriv musikknyheter.no når dei melder at bandet kjem til Noreg att etter flotte konserter på Bergenfest både i 2013 og 2016. Den amerikanske indierockgruppa spelar i Stavanger konserthus og på USF Verftet i Bergen i mars. Turneen vart offentleggjord saman med det nye albumet *Why Are You OK* i juni.



John Mark Lapham er mannen bak songsyklusen med Old Fire. Pressefoto

*Songs From The Haunted South* kjennest som ei forseinka forlenging av *This Mortal Coil*-prosjektet, om enn prega av Laphams distinkte interesse for sitt eige musikalske opphav. Han har fleire gonger vendt tilbake til West Texas, der han kjem frå, og sjølv tenker han på musiken på dette albumet som «ambient country».

**VELVALDE TOLKINGER**

Sjangerspørsmålet gjer seg uansett fort uinteressant i møtet med *Songs From The Haunted South*, eit verk som

ber preg av å vere tolmodig kuratert av Lapham, som har følt sin eigen visjon for delar og heilskap. Mellom det eigenkomponerte materialet finst særsvært velvalde tolkingar av «The Orchids» (Psychic TV), «Laser Beam» (Low), «It's Easier Now» (Jason Molina) og «Helix» (Shearwater). Det dreiar seg altså om eit album der ingenting er tilfeldig – utan at det verkar særlig tvunge av den grunn.

**ØYVIND VÅGNES**

Øyvind Vågnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Trioen: Larry Grenader (bass), Brad Mehldau (piano) og Jeff Ballard (trommer). Pressefoto

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

## Maksimal klang

Jean-Christophe Dijoux lokkar orkestrale lydar ut or cembaloen.

**CD**

HÄNDEL,  
BUXTE-  
HÜDE,  
BÖHM,  
BACH,  
TELEMANN,  
MATTHESON:

**Varietas**

JEAN-CHRISTOPHE DIJOUX,  
CEMBALO. GENUIN 2016

Réunion er ei lita fransk øy i Indiahavet, åtti mil aust for Madagaskar. Kven skulle venta seg at ein av dei mest interessante unge cembalistane skulle koma herifrå? Jean-Christophe Dijoux skil seg frå grosset av kollegaer ved at han vågar å spela repertoar som tradisjonelt har vore lite vørdt, og at han set saman ulike småstykke til smakfulle suitar – slikt trengst i ein musikkbransje der alle flyr rundt og spelar same verka om att og om att.

**ABRUPTE VEKSLING**


*Varietas* heiter debutplata hans. Og variert er ho: Seks komponistar blir spela på ulike cembaloer.

loar, som er stemde på fire ulike mäter. Namnet har han frå den førande tyske musikktenkaren i høgbarokken, hamburgaren Johann Mattheson (1681–1764), som i lareverket *Den store generalbass-skulen* frå 1731 hevdar at «variasjon er musikkens sanne element». Det siste av dei tre Mattheson-stykka Dijoux spelar, syner denne variasjonen, for fræsende akkordgjentakingar vekslar abrupt med ein rolegarie.

**TANGENTBRUS**

Alle komponistane på plata har tilknyting til Hamburg. Georg Philipp Telemann (1681–1767) var musikkdirektor i habsbyen – i dag blir kyrkje-, kammer- og orkestermusikken hans mykje spela, medan cembalomusikken er nærmast ukjend. Dijoux bøter på dette med å spela Telemanns *Overture i G-dur*, TWV 32:13, ein suite med ein fransk overture og fem dansesatsar.

I opningssatsen brusar Dijoux med tangentane og lokkar slik orkestrale lydar ut av cembaloen. Evna hans



Jean-Christophe Dijoux er ein påhittent musikar som gjev oss uhøyd cembalomusikk.

til å henta maksimal klang ut av instrumentet, i tillegg til den kjenslevare agogikken i melodiforminga, er det finaste ved spelet på denne plata.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

## Variert romantikk

Halgeir Schiager syner oss kva det nye orgelet i Sofienberg kyrkje er godt for.

**CD**

HESSE,  
KÖHLER,  
KÜHMSTEDT,  
STEHLE,  
PFRETSCH-  
NER, DE

**LANGE JR.:****God Save the King**


HALGEIR SCHIAGER, ORGEL.  
LAWO 2016

Ein annan musikar som stadig overraskar med ukjent repertoire, er Halgeir Schiager frå Biri ved Gjøvik. Han er kantor i Sofienberg kyrkje, der dei nett har fått eit nyt orgel i tysk romantisk stil, laga av Hermann Eule Orgelbau i Bautzen, ein saksisk by som i Tyskland er mest kjend for sennepen sin og dei fåle straffeanstaltane i DDR-tida.

Det at eit slikt spesialinstrument er blitt vald til Sofienberg, kan sjåast i samanheng med ein storre trend i musikklivet dei siste tiåra, som no altståt er på veg inn i det norske orgellandskapet også: Samanhengen mellom instrumentval og repertoarval blir styrkt. For slik orkestra no spelar Bach

og Händel på barokinstrument, og Mahler og Bruckner på romantiske instrument (det er moderne instrument), skjønar ein i orgelverda at «universalsorgel» som skal kunne fungera like godt til barokmusikk og romantisk musikk, er ein utopi som fører alltid for mange kompromiss med seg.

Den glitrande organisten Schiager har på albumet sitt valt komposisjonar berre orgelspesialistar kjener til, likevel løst det meste kjent. Dei er nemleg variasjonar over melodiar dei fleste europearar kan nynna med på: Fyrst får me fantasifulle variasjonar over *God save the King* av den tyske organisten Adolf Friedrich Hesse (1809–1864) frå Wrocław (på tysk og i Noreg i gamle dagar kjent som Breslau) i dagens Polen. Så *Variationen über die österreichische Volkshymne* av Ernst Köhler (1799–1847), ein melodi av Haydn som no er Tysklands nasjonalong. Og vidare variasjonar over «Priestermarsch» frå Mozarts *Tryllefløyta* og over «Glade jul».

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Spelepulten på det nye Hermann Eule-orgelet i Sofienberg kyrkje i Oslo. Foto: LAWO